



Lovvedtak 66

(2014–2015)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 245 L (2014–2015), jf. Prop. 67 L (2014–2015)

I Stortingets møte 5. mai 2015 ble det gjort slikt

vedtak til lov

om endringer i oreigningslova

I

I lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eiendom blir det gjort følgende endringer:

§ 4 skal lyde:

Eigar til og rettshavar i slik eiendom som er nemnd i § 1, lyt tola at det på eigedomen vert gjort mæling, utstikking og *andre førehandsundersøkingar* til bruk for eit påtenkt oreigningsinngrep. Ingen må gå i gang med *slike førehandsundersøkingar* før eigar eller brukar er varsla. Løyve til å gjera *førehandsundersøkingar* vert gjeve av den styremakt Kongen fastset. I løyvet skal det stå kva tid *førehandsundersøkingane* kan gjerast.

Om gjennomføringa av *førehandsundersøkingar* etter fyrste ledd gjeld § 15 i forvaltningslova.

Lid eigar eller rettshavar tap av di *førehandsundersøkingar* som nemnd i fyrste ledd, gjer skade eller valdar ulempe, har *skadelidde* rett til skadebot, jf. § 19.

Eit endeleg vedtak som gjev løyve til å gjera førehandsundersøkingar etter fyrste ledd, er eit særleg

tvangsgrunnlag etter tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 13.

§ 19 fyrste ledd fyrste punktum skal lyde:

Skadebot for skade eller ulempe som er valda *ved førehandsundersøkingar* i samhøve med § 4 fyrste ledd, skal det skjønnet fastsetja som fastset vederlag for inngrepet, så fram partane er samde om det.

§ 19 andre ledd fyrste punktum skal lyde:

Vert ikkje inngrepet sett i verk, kan skjønnet, så fram eigar eller rettshavar krev det, fastsetja at *den ansvarlege for gjennomføringa av førehandsundersøkingane* skal vøla skaden i staden for å svara skadebot.

II

1. Lova tek til å gjelde straks.
2. Nytt § 4 fjerde ledd får verknad for vedtak om løyve til å gjera *førehandsundersøkingar* etter § 4 fyrste ledd som blir gjorde etter at lova tek til å gjelde.

Olemic Thommessen

president

